



KSK-notat nr.: 3/2012- Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Myklebust Energi AS/ Daleelva kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gloppen		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign:	
Saksbehandler:	Katarina Eftevand	Fø:	Sign:
Dato:	10 JAN 2012		
Vår ref.:	NVE 200802355-15		
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til å bygge Daleelva kraftverk i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktshandsaming	4
Søker sine kommentarar til høyringsuttalane	11
Norges vassdrags- og energidirektorat sine merknader	12
NVE si vurdering	15
NVE sin konklusjon	18
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven	20

Samandrag

Myklebust Energi AS har søkt om løyve etter § 8 i vassressurslova til å bygge Daleelva kraftverk i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Kraftverket vil utnytte eit fall på 99 m i Daleelva mellom kote 422 og 323. Planane omfattar også overføring av Ytste Stølselva frå ca. kote 445 til inntaket til Daleelva og eit inntak på ca. kote 425 i Middagselva som er ei sideelv/bekk der vatnet blir ført rett inn på tilløpsrøret til kraftverket. Røyrsgata til kraftverket vil følgje terrenget langs elva og vil vere nedgrave på heile strekninga. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 90 l/s gjennom heile året.

Maksimal installert effekt i kraftverket skal vere på 2,4 MW, og årleg energiproduksjon er rekna ut til 9,10 GWh.

Gloppen kommune rår til at det vert gitt løyve til bygging av Daleelva kraftverk. Kommunen meiner likevel at vidare behandling av saka bør utsetjast til oppgradering av kraftlinje vert avklart.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at tiltaket er noko konfliktfyllt i høve til friluftsliv og biologisk mangfald. Fylkesmannen rår ikkje i frå at løyve vert gitt, men peikar på at minstevassføring

om sommaren må vere høgare enn foreslått og at ein bør vurdere å sløyfe overføring av Ytste Stølselva.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune er positiv til prosjektet ut i frå dei økonomiske fordelane ved utbygginga. Fylkeskommunen er einig med Fylkesmannen når det gjeld behov for auka minstevassføring om sommaren.

Sogn og Fjordane Turlag meiner at utbygginga er konfliktfylt i høve til friluftsliv. Turlaget rår til at Ytste Stølselva ikkje vert med i prosjektet og at minstevassføring vert høgare enn det som er søkt om.

Statens Vegvesen har ikkje vesentlege merknader til det omsøkte prosjektet.

Sogn og Fjordane Energi Nett AS uttalar at det ikkje er nok kapasitet i nettet for å ta imot produksjon frå Daleelva kraftverk og at det vil vere naudsynt med forsterkning av eksisterande 22 kV linje mellom Reed og tilkoplingspunktet for Daleelva kraftverk.

Daleelva kraftverk vil få ein årleg produksjon på 9,1 GWh med overføring av Middagselva og Ytste Stølselva. Utan overføring av Ytste Stølselva og med noe høgre minstevassføring enn omsøkt vil kraftverket produsere om lag 8,5 GWh i året. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samla sett ein stor andel av ny tilgang dei seinare åra. I 2010 klarerte NVE om lag 0,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei alle fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ein eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av sær stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan det gjevast løyve til gjennomføring. Tiltaka vil såleis vere eit bidrag i høve til politiske føringar for satsing på småkraftverk og fornybar energi.

NVE legg vekt på at utbygging i tillegg til ei viss produksjonsauke i fornybar energi vil gi varige inntekter til søkjar, kommune og stat, samt at det i anleggsfasen vil det vere nye arbeidsplassar og auka lokal verdiskaping.

NVE vurderer det slik at det omsøkte prosjektet i avgrensa omfang vil kunne gi ulemper for friluftsliv, biologisk mangfald og landskap. Med ei utbygging utan overføring av Ytste Stølselva, god terrengmessig tilpassing og vilkår om minstevassføring på utbyggingsstrekka, meiner NVE at konsekvensane ved utbygginga likevel vil vere akseptable for biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser.

NVE meiner at fordelar ved det omsøkte tiltaket er større enn skade og ulempe for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Myklebust Energi AS løyve til å bygge Daleelva kraftverk utan overføring av Ytste Stølselva på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatte følgjande søknad frå Myklebust Energi AS v/ Per Jarle Mylkebust, datert 15.04.2008:

"Myklebust Energi AS ønskjer å nytte vassfallet i Daleelva i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til

- å overføre Ytste Stølselva til inntaket for Daleelva kraftverk
- å bygge Daleelva kraftverk

2. Etter energilova om løyve til:

- Bygging og drift av Daleelva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som angitt i søknaden."

Daleelva kraftverk, hoveddata			
	Daleelva	Ytste Stølselva	Middagselva
Nedbørfelt (km ²)	20,5	1,1	2,4
Middelvassføring (m ³ /s)	1,76	0,09	0,22
Alminneleg lågvassføring (l/s)	90	5	10
Inntak på kote	422		
Avlaup på kote	323		
Brutto fallhøgd (m)	99		
Midlere energiekvivalent kWh/m ³	0,21		
Slukeevne, maks (m ³ /s)	3,0		
Slukeevne, min (m ³ /s)	0,2		
Tillaupsrøyr, diameter (mm)	1200		
Installert effekt, maks (MW)	2,4		
Brukstid (t)	3774		
Produksjon, vinter (GWh) (1/10-30/4)	2,75	0,14	0,34
Produksjon, sumar (GWh) (1/5-30/9)	6,35	0,32	0,80
Produksjon, årleg middel (GWh)	9,10	0,46	1,14
Utbyggingskostnad (mill.kr)	14,5	0,2	0,7
Utbyggingspris (kr/kWh)	1,59	0,43	0,61

Daleelva kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	2,5
Spenning	kV	<1
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	3
Omsetning	kV/kV	<1/23
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	km	1,7
Nominell spenning	kV	23
Luftlinje el. jordkabel		jordkabel

Høyring og distriktshandsaming

NVE har mottatte følgjande høyringsuttalar til søknaden:

Gloppen kommune har i kommunestyremøte den 16.06.2008 vedtatt følgjande:

"Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga og har isolert sett ikkje innvendingar mot at det blir gitt konsesjon til utbygging av Daleelva som omsøkt. Kommunestyret gir også dispensasjon frå bygge- og deleforbodet i LNF-området i kommuneplanen."

Frå rådmannen si saksførebuing siterar vi følgjande frå rådmannen si vurdering:

"Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen.

Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (rkeestipien, t flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring , utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernestriksjonar på.

Dei fleste av desse punkta er behandla i konsesjonssøknaden, og noko er referert i saksutgreiinga. For oversikten si skuld vil eg lage ei samla oppstilling.

Visuelt inntrykk etter utbygging

Den delen av elva som vert utbygd renn gjennom skogkledde område, og her er dels eksisterande inngrep ved stølsveg og landbruksområde. Kraftgata vil i anleggsfasen og ein del

år framover vere godt synleg frå omgjevnadene, men dei permanente tekniske anlegga er små og avgrensa, og utbygginga har på lengre sikt lite å seie for det visuelle inntrykket. Det kan diskuterast om kraftstasjon med villmarkspanel og torvtak er ei tilpassing til lokal byggeskikk.

Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m)

Det må avståast 0,5 da innmark til kraftstasjon og ca.3 da utmark blir omdisponert til inntaket. Tilløpsrøret vert nedgrave og vil ikkje medføre ulemper på lengre sikt. Ein skogsveg vil kunne vere positiv for skogsdrifta. Utbygginga vil styrke økonomien til den enkelte medeigar. Om dette slår positivt ut på grunnlaget for fortsatt landbruksdrift og busetjing, slik søkjar hevdar, vil vere heilt avhengig av eigarane sine prioriteringar.

Elva har ingen resipientfunksjon. Det er ikkje lagt opp til reguleringsmagasin, og utbygginga vil då ikkje ha verknad på flaum e.l.

Tilhøvet til anna næring (t. d. turistnæring , utmarksnæring)

Det føregår ikkje næringsfiske på den omsøkte elvestrekninga. Det er bra stor hjortebestand i området som ikkje vert utnytta kommersielt. Det er ikkje grunn til å tru at utbygginga vil påverke hjortestammen vesentleg. Området er lite brukt i samband med turisme eller anna utmarksnæring, og rådmannen er samd i søkjar si vurdering av liten verknad på allment friluftsliv.

Naturinngrep ved utbygging

Dette gjeld først og fremst i anleggsperioden og ein del år fram til røyrkata har grodd til. Dei permanente anlegga er relativt små naturinngrep i skogsterreng.

Den samla utbygging i området

Strupen kraftverk har vore konsesjonssøkt, men ikkje fått løyve. Sandal og Fossheim kraft har eit anlegg i drift, og har også vurdert ytterlegare utbygging. Rådmannen kjenner ikkje til andre konkrete planar i området, men er klar over at her er potensiale for andre utbyggingar.

Kraftlineføring

Det er ein vesentleg mangel ved søknaden at kraftnettet ut av området ikkje har kapasitet til ta imot utbygginga, utan at det er avklara korleis og når dette skal rustast opp. Ny kraftlinje kan påverke ei lang rekkje personar som ikkje er involvert i utbygginga og ikkje har nytte av den, og dette burde difor vore meir klart på søknadstidspunktet.

Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Rådmannen er nøgd med at det blir foreslått ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring i elva. Ut frå tilgjengelege data vil kraftverket i eit normalår stå i 86 dagar, berre sleppe forbi minstevassføring i 163 dagar og ha fullt utnytta kapasitet og sleppe forbi overskytande vatn resten av året

Økonomi

Vinterproduksjonen er berekna til 2,75 GWh og sommar 6,35 GWh som gjev ein årleg middelfroduksjon på 9,10 GWh. Utbyggingskostnaden er berekna til kr. 14,5 mill. som gjev ein utbyggingspris på kr. 1,59 pr. kWh. Dette inneber at det er eit økonomisk gunstig prosjekt, forutsett at ikkje dei uavklarte linjekostnadene inneber ein betydeleg meirkostnad.

Eigarskap

Utbyggingselskapet vil vere eigd av grunneigarane.

Generelt

Saksbehandlingsforskrifta § 7, som er heimla i plan- og bygningslova, har unntak frå krav om saksbehandling, ansvar og kontroll for vasskraftanlegg som er underlagt konsesjonsbehandling etter m.a. vassressurslova. Sidan kommunen ikkje skal handtere byggjesaka seinare, betyr at vi har ingen innverknad på utforming av bygningar og anlegg, eller har noko å gjere med godkjenning av foretak i utbyggingsfasen. Av den grunn er det svært viktig at NVE, som behandlar konsesjonssaka, er nøye med å sjå til at søknaden er kvalitetssikra både med omsyn til utforming og sikkerheit av anlegg og byggjegrunn.

Etter rådmannen si oppfatning vil fordelane med utbygging truleg overstige ulempene. Det er derimot eit vesentleg uavklart spørsmål som gjeld opprusting av kraftlinje, som gjer at rådmannen vil tilrå at saka blir utsett.

Før møtet i kommunestyret den 16. juni 2008 vert det halde synfaring ”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har uttalt i brev datert 07.07.2008 følgjande:

”

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskeleva, ureiningslova og landbruksinteresser. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og friluftsliv

Ein lengre del av den aktuelle elvestrekinga går nærme vegen/stien inn til Myklebuststølen. Det er ein del vegetasjon i området, men elva er godt synleg på ein del parti og høyrer godt på heile strekninga. Elvemøtet med Middagselva er godt synleg frå stien rett overfor elva og vegen kryssar Ytste Stølselva nedanfor overføringspunktet. Inntaket er planlagt i eit ope beiteområde der elva flatar ut. Minstevassføring vil vere eit godt avbøtande tiltak i høve til oppleving av elvane frå sti/veg. I det større landskapsrommet i dalen er vegetasjonen slik at dei aktuelle elvestrekkane per i dag ikkje utgjer noko viktig landskapselement. Vi meiner likevel at sjølv inntaksområdet/-konstruksjonen/-dammen osv kan bli godt synleg og skjemmande i det området den er planlagt. Sjølv damkrona er ikkje særskilt høg eller lang, men området innover frå dammen er ganske flatt og ope. Det er viktig dette anlegget får ei god utforming og at ev inngrep vert så lite skjemmande som mogleg. Vi ber om at det vert vurdert eit alternativ der inntaksdammen vert lagt noko lengre nede i elva, helst nedanfor samløpet med Ytste Stølselva eller slik at inntaket i Ytste Stølselva kan byggast nedanfor vegen.

Søkjar har vist til at området frå inntaket og sørover vert mykje nytta til friluftsliv. Det er traktorveg til inntaket, men dei som ikkje har tilknytning til stølane må parkere lengre ned og gå langs vegen inn til inntaksområdet også. Vi viser elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlaget når det gjeld friluftslivinteressene i området.

Naturmiljø, biologisk mangfald og inngrepsfri område (INON)

Det er avgrensa to verdifulle naturmiljø innanfor undersøkingsområdet; Myklebuststølen (naturbeitemark), med verdi "Viktig", ligg ovanfor inntaket og vert ikkje direkte påverka. Daleelva (bekkekløft) er vurdert til å vere "Lokal viktig" av Spikkeland. Det er ikkje påvist raudlisteartar for nokon artsgruppe i dette området. Det vert i fagrapporten om verknader for biologisk mangfald rådd til minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring. Det er elles ikkje vurdert at ei ev. utbygging vil påverke naturmiljøet i vesentleg negativ grad.

Botndyrfauna i elva er ikkje undersøkt. I samband med kraftutbygginga i Jostedalen vart det funne ein sjeldan fjørmyggart som ikkje er funne andre stader i Noreg (endemisk art). Det er grunn til å tru at sjeldne artar kan finnast i liknande breelvar-/vassdrag. Når det er tale om kraftutbygging i bør dette sjekkast ut. Det bør difor gjerast ei undersøking av botnfaunaen i Bødalselva med vekt på fjørmygg. Dette må gjerast av fagleg kompetente personar på gunstig(e) tidspunkt, og det bør gå fram av undersøkinga i kva grad ei utbygging vil påverke forholda for botndyr i elva.

Fylkesmannen viser til at det ikkje er i tråd med dagens krav til vasskraftutbygging å godta turrlegging av vassdrag med årssikker vassføring. Mange vassdrag vert bygd ut og vi føreset at det vert kravd minstevassføring som ivaretek ein viss biologisk funksjon i elva. 5-persentilen er meir i tråd med miljøbasert vassføring enn alminneleg lågvassføring.

Fjellområda på austsida av dalen inngår i Jostedalsbreen nasjonalpark. I søknaden er det opplyst at INON-område ikkje vert redusert ved ei ev. utbygging.

Fisk og fiske

I søknaden heiter det at den elvestrekka som er aktuell for utbygging har småfallen bekkeare. Daleelva er trueleg ei viktig gyteelv for fisken i Sandalsvatnet som er eit godt fiskevatn. Kraftstasjonen er ca. 2 km frå utløpet i Sandalsvatnet. Det er planlagt minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring (90 l/s) heile året, m.a. for å ivareta fiskinteressene. Dette er mykje mindre enn 5-persentilen om sommaren. Truleg er den planlagt utbygde strekninga mindre produktiv enn strekninga nedstraums kraftstasjonen, men det er ikkje gjort fiskefaglege undersøkingar. Brå stopp i kraftstasjonen kan gje uheldig verknad for fisk nedstraums kraftstasjonen. Med ein høgare minstevassføring om sommaren vil det bli mindre kritiske situasjonar ved uføresette utfall av kraftstasjonen. Sidegreiner nedstraums kraftstasjonen vil truleg tilføre elva ein del vatn, men dette vatnet kan ha ein annan temperatur enn det som kjem i hovudelva.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Kraftstasjonen blir ikkje liggande i nærleiken av busetnad osv, men det må likevel takast omsyn til ytre omgjevnader. Vi føreset at det gjennom detaljprosjekteringa vert gjort støydempende tiltak.

Landbruk

Utbygginga har små negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Utbygginga er noko konfliktfylt i høve til friluftsliv og biologisk mangfald. Vi vil rå til at det vert vurdert om dammen kan flyttast litt lengre ned og om overføring/utnytting av vatnet i Ytste Stølselva kan skje nedanfor turstien/vegen. Det er stor forskjell på alminneleg lågvassføring og 5-persentilen til Daleelva. Vi føreset at det vert sett høgare krav til minstevassføring om sommaren, og i utgangspunktet bør dette vere 5-persentilen. Dette vil truleg ivareta friluftslivs, naturtype- og fiskeinteressene på ein akseptabel måte. Det er positivt dersom kravet til minstevassføring kan kombinerast med å sløyfe inntaket i Ytste Stølselva. Dersom det er årssikker vassføring i Ytste Stølselva og Middagselva bør også desse ha krav om minstevassføring heile året, men alminneleg lågvassføring vil truleg vere akseptabelt. Vi ber også om at botndyrfaunaen i Daleelva vert undersøkt før ev. utbygging, og det må vurderast om livsmiljøet til ev. sjeldne artar vert ivareteke av krava om minstevassføring.

Fylkesmannen føreset at det vert sett auka krav til minstevassføring om sommaren, jf. 5-persentilen, og at botndyrfaunaen vert undersøkt før ev. kraftutbygging. Med desse føresetnadane vurderar Fylkesmannen at utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser, lakse- og innlandsfiskeleva og ureiningslova.

Ved ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort følgjande vedtak i fylkesutvalet 02.09.2008:

”

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at løyve vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Slepping av minstevassføring ved inntaket om sommaren bør aukast.”

Frå administrasjonen si framstilling av saka referer vi følgjande:

”

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 10,7 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdammar, rørgater, kraftverksbygning, kabeltrase, vegbygging) og redusert vassføring i Daleelva m.m.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafor områda som blir råka av planlagde tiltak, men gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om Kulturminne § 8, 2. ledd. Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, frå etter år 1537, blir råka av planlagde tiltak, så må tiltaka justerast slik at kulturminna kan bli tekne vare på.

Kulturminne frå nyare tid

Myklebuststølen ligg ovanfor inntaket til kraftverket og tiltaket kjem av den grunn ikkje i direkte konflikt med stølsmiljøet. På generelt grunnlag vil fylkesrådmannen likevel peike på at eit stølsmiljø må vurderast som eit viktig kulturminne i seg sjølv og tiltak bør i størst mogeleg grad skje på det eksisterande stølsmiljø sine premisser. Gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Av Fylkesmannen sin merknad til søknaden går det fram at søkjaren av omsyn til rasfare ønskjer å plassere kraftstasjonen 50-100 meter lenger ned langs elva enn det som er planlagt. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å plassere stasjonen på eit rastrygt område.

I søknaden er det foreslått avbøtande tiltak, m.a. minstevassføring lik alminneleg lågvassføring 90 liter/sek heile året i Daleelva. Til samanlikning er femte lågaste vassføring om sommaren berekna til 715 liter/sekund. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag meiner m.a. at slepping av minstevassføring ved inntaket i Daleelva om sommaren må hevast opp mot femte lågaste vassføring, dvs. 715 liter/sek og at slik slepping av minstevassføring bør vurderast saman med ev. sløyfing av overføringa av Yste Stølselva.

Denne overføringa bidreg med ei middelvassføring på berre med 90 liter/sekund. Fylkesrådmannen støttar desse vurderingane."

Sogn og Fjordane Turlag uttalte i brev datert 20.06.2008 følgjande:

"...

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Denne utbygginga må sjåast i samanheng med andre utbyggingar i Myklebustdalen, mellom anna Strupen kraftverk, som no er til konsesjonshandsaming i NVE. Både denne utbygginga og Strupen kraftverk er konfliktfylte, mellom anna for friluftslivet, men vi meiner at konfliktnivået for Strupen er klårt høgre. Viss konsesjonen for Strupen kraftverk vert avlegen, er vi derfor positive til at det vert gitt konsesjon til bygging av Daleelva kraftverk. Dette under føresetnad av at inntaket av Yste Stølselva vert sløyfa. Viss sløyfinga av dette inntaket vert sett i samanheng med sleppinga av minstevassføring over hovuddammen, meiner vi at prosjektet ikkje vil bli svekka i nemneverdig grad."

Statens vegvesen uttalte i brev datert 08.05.2008 følgjande:

"Statens vegvesen har ikkje merknader, men syner til eksisterande regelverk på området, samt "Bestemmelser om forholdet mellom offentlege veger og elektriske ledningsanlegg". Vi minner om veglova sine byggjegransar som er 15 meter til senter veg for fylkesveg, og 50 meter til senter veg for riksveg. Tiltak innanfor desse grensen meå det søkjast dispensasjon for. Med omsyn til nærføringar langs - og kryssingar av offentlig veg må dette søkjast særskilt om i kvart einskilt tilfelle."

SFE Nett AS uttalte i brev datert 17.06.2008 følgende

"SFE Nett er netteigar og har områdekonsesjon der Daleelva kraftverk er planlagt å kome.

Frå før er det bygt eit kraftverk, Sandal & Fossheim kraftverk, på ca 3 MW i området og det er begrensa restkapasitet i nettet, og ikkje nok til Daleelva utan å gjere tiltak i nettet.

Vi ser at det i det aktuelle området er fleire kraftverk som har søkt konsesjon og ventar på å få søknaden handsama hos NVE.

Vi har sett på kva som vert konsekvensane for den delen av nettet som Daleelva kraftverk vil bli tilknytta når ein legg til grunn ein samla ny produksjon av dei kraftverka som er konsesjonssøkt.

For å kalkulere Daleelva sin andel av desse kostnadene, har vi teke utgangspunkt i den mogelege produksjonen som kan gjere seg nytte av denne investeringa og sett på kor stor andel Daleelva sin produksjon utgjer av dette. Det er den installerte effekten som vil vere dimensjonerande for nettet og vi har lagt effekt (ikkje energi) til grunn ved kostnadsfordelinga. I tillegg ser ein på kva linjestrekningar kvart kraftverk gjer seg nytte av. Ut frå eit sannsynleg scenario av omfanget av ny produksjon, har vi gjort eit førebels overslag over kostnader og fordeling av desse.

Vi har sett på eit scenario for utbygging som vist i tabell nedanfor. Det vil her vere nødvendig med forsterkning av eksisterande 22 kV linje mellom Reed og tilkoplingspunktet for Daleelva kraftverk.

Transformorkapasiteten 66/22 kV på Reed er blitt auka nyleg for å kunne ta imot ny kraftproduksjon, som har vore venta i området. Kostnadene med dette blir fordelt på dei kraftverka som vil gjere seg nytte av den auka transformeringskapasiteten. Dette gjeld både kraftverk som er lista opp nedanfor og andre kraftverk, som vil mate inn på andre 22 kV linjer mot stasjonen på Reed.

Dei totale transformeringskostnadene, som er større enn summen nedanfor, vil også andre nye kraftverk under Reed transformatorstasjon, t.d. på Byrkjelo, i Årdal, i Kandal, i Våtedalen med fleire måtte delta. Etter at ei slik nettførsterkning er gjennomført, vil ein ha eit fornya nett som har lengre restlevetid enn det elles ville ha hatt, og SFE Nett har allereie teke sin andel av kostnadene ut frå noverdien av det ein har spart i framtidige kostnader.

SFE Nett vil også dekke ein del av investeringskostnadene for linjeførsterking tilsvarende noverdien av det ein sparer i framtidige reinvesteringar. Verdien av dette framgår som SFE Nett sin andel av investeringskostnadene i tabellen. Resten av investeringskostnadene vert delt på alle kraftverk som ønskjer nettilkopling.

Føresetnadene for kalkulasjonen vil kunne endre seg fram til tidspunkt for endeleg avgjerd om nettilkopling. Mellom anna vil endringar i antal kraftverk og installert effekt i dei ymse kraftverka gje tilsvarende endringar i kostnadsfordelinga mellom dei.

Dersom utbyggingsomfanget vert mindre enn skissert her, vil ein kunne spare ein del av investeringane, men samtidig vert det mindre installert effekt å dele kostnadene på. Kva utslag

det gir for dei kraftverka som vert gjev for dei kraftverka som vert realiserte, må sjåast på når utbyggingsomfanget er klarlagt.

I tillegg til nettforsterking som nemnt, må kvart kraftverk ha si separate avgreining frå SFE sitt nett, med høgspennt brytaranlegg og transformator. Dette vil vere kraftverket sin eigedom og er ikkje med i kostnadsoverslaget over.

Før ein set i gang ei nettforsterkning som nemnt, må ein ha på plass avtalar mellom SFE Nett og dei kraftverka som vil reservere seg kapasitet i nettet. I den grad SFE Nett tek på seg å forskottere nettforsterkning, må ein ha høve til å kreve inn forholdsvis andel av kostnadene frå eventuelt framtidige produsentar som ønskjer nettilknytning. Bygging av nye kraftverk må ikkje starte før det er oppretta nettleigekontrakt mellom SFE Nett og utbyggjar.

Søker sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 09.09.2009 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

" Vi er glade for at alle høyringsuttalane i stor grad er positive til utbyggingsplanane. Vi meiner at vi i samarbeid med vår konsulent Hermod Seim har laga eit prosjekt som ivaretar miljøinteressene på ein god måte, samstundes som det skal vere eit økonomisk forsvarleg prosjekt.

Vi vil kommentere følgjande problemstillingar:

Plassering av hovudinntak.

Dette er tenkt før elva byrjar å gå i strie styk ned mot tiltenkt kraftstasjon. Denne plasseringa høver godt inn i terrenget og gjer til at ein får eit enkelt inntak utan store naturinngrep. Viser til at også turlaget er positiv til utforminga av inntaket. Denne plasseringa gjer at vi òg får ein god tilkomst til inntaket med tanke på framtidig vedlikehald. Her vil ein dermed sleppe å lage ny veg fram til inntaket. Ved å flytte inntaket fram om fremste Stølselva misser vi mange meter fall, i tillegg går elva her stri, noko som gjer at inntaket får ei større og meir omfattande utforming. Denne plasseringa medfører og at ein her må bygge ca 100- 150m med ny veg gjennom eit myrlendt område.

Overføring frå Yste Stølselva

Yste Stølselva har svært variabel vassføring. Stor i våte og varme periodar. Lita i kjøleg og tørre periodar. I kuldeperiodar er den tørr. Der er ikkje fisk i elva. Vi meiner at konsekvensane av ei overføring av vatn frå Yste Stølselva til hovudinntaket er sterkt overdrive av turlaget. Der dei hevdar det er urørt natur når ein startar oppstigninga til Snønipa, går det ein planert traktor veg like ved. I tillegg dreiar det seg kun om ei strekning på vel hundre meter. Det som vert hevda å vere ei viktig rute til Snønipa har siste åra vore brukt til ein organisert tur årleg av Turlaget.

Middagselva

Inntaket på denne er plassert ned i skogen. Strekninga ned mot hovudelva er kort og svært lite synleg. På denne sida av dalføret er der ikkje nokon naturlege turveg, det går imidlertid ein traktorveg i området som vert nytta til uttak av ved og driving av dyr mm. Der er ikkje fisk i elva. Middagselva er ein viktig del av kraftprosjektet.

Minstevassføring

Vi meiner at konsesjonssøknaden legg opp til ei tilstrekkeleg minstevassføring. Ei minstevassføring som er i tråd med den praksis som har vort følgd i liknande prosjekt tidlegare. I sommarmånadane ser vi ikkje dette som noko stor problemstilling då elva har bra stabil vassføring som vil gje god vassføring i elva sjølv med full produksjon i kraftverket.

Mindre elvar som Breisvorgrova og Hestegardsgrova drenerer nedslagsfeltet på noraustsida av Yste Stølselva og har sine utløp ned i Daleelva, og desse vil også være med å oppretthalde vassføring utover minstevassføringa Vi reknar likevel med at her er det NVE som har den nødvendige ekspertisen på dette feltet og som vil ta ei avgjerd som både ivaretek miljøomsyn og produksjonmessige omsyn på ein god måte.

Forhold til andre prosjekt

Vi er kritiske til Turlaget sitt forbehold om å vere positive til dette prosjektet mot at andre prosjekt i området ikkje får konsesjon. Vi meiner at slike forbehold burde Turlaget halde seg for god til dersom dei vil framstå som seriøse. Vi meiner at både dette og andre prosjekt bør få si individuelle og rettferdige behandling.

Synspunkta våre kan vi betre utfylle når de kjem på synfaring og de ved sjølvsyn ser på forholda. Vi trur at ved ein god dialog så er motsetningane om utbyggingsprosjektet små og at det ligg til rette for gode løysingar med grunnlag i konsesjosøknaden.

Håpar at de kan kome på synfaring så snart som mogeleg slik at konsesjonsøknaden kan sluttbehandlast.”

Norges vassdrags- og energidirektorat sine merknader

Om søker

Søkjar er Myklebust Energi AS som er eit privat aksjeselskap under stifting.

Om søknaden

Kraftverket vil utnytte eit fall på 99 m i Daleelva mellom kote 422 og 323. Planane omfattar også ei overføring av Ytste Stølselva frå ca. kote 445 til inntaket til Daleelva og eit inntak på ca. kote 425 i Middagselva som er ei sideelv/bekk der vatnet blir ført rett inn på tilløpsrøret til kraftverket. Maksimal installert effekt i kraftverket skal vere på 2,4 MW. Årleg energiproduksjon i kraftverket er rekna ut til 9,10 GWh.

Røyrkata vil følge terrenget langs elva og vil vere nedgravd på heile strekninga. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 90 l/s gjennom heile året.

Omtale av området

Planområdet ligg i Myklebustdalen, ca. 10 km aust for Byrkjelo i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Myklebustdalen er omgitt av bratte og høge fjell som strekkjer seg opp til Snønipa (1827 moh) på Myklebustbreen. Daleelva er ei mindre sideelv i Breimsvassdraget med utløp i Sanddalsvatnet. Langs heile dalføret renn små og store sidebekkar ned mot hovedelva både frå aust og vest. Daleelva renn til dels sterkt nedskåren i terrenget på store delar av den berørte strekninga. Nedre delar av Daleelva er prega av intensivt drevet landbruk med konsentrerte gardsanlegg i Myklebustgrenda. Det går jordbruksvegar sørover mot nedre del av planområdet, og stølsveg/traktorveg vidare framover mot Myklebuststøylen.

Eksisterende inngrep i vassdraget

Det er ikkje tidlegare gjort direkte inngrep i Daleelva og dei to planlagt overførte sideelvane.

Teknisk plan

Reguleringer

Tiltaket medfører ikkje reguleringar.

Overføringer

Ytste Stølselva vert overført til inntaket i Daleelva gjennom ein 180 m lang nedgravd rørledning med diameter 0,3 m og kapasitet på 0,3 m³/s. Ved inntaket i Ytste Stølselva på ca. kote 445 vert det gravd ut ein 2 m brei, 1 m djup og 8 m lang kanal. Når vassføring ved inntaket vert større enn 0,3 m³/s vil den overskytande vassføringa gå i overløp. Traseen for overføringa går i skogsmark.

Inntak

Inntaksdammen vil ligge på kote 422. Dammen er planlagt som ein 0,7 m høg og 10 m lang lausmasseterskel. Damterskelen er planlagt med steinplastr overløp for avledning av flaum og vert utstyrt med taperøyr for slepp av minstevassføring.

Daleelva vert leia inn i ein 30 m lang, 8 m brei og 3 m djup kanal. Ved enden av denne kanalen vert det støypt ein mindre inntakskonstruksjon under bakkenivå med varegrind, innløpskonus og stengeventil. Inntakskanalen får eit volum på ca 100 m³ og vil også fungere som basseng for avlagring av lausmassar.

Ved sideinntaket i Middagselva på kote 425 vert det bygt ei liten lausmasseterskel over elva. Terskelen får steinplastr overløp for flomavleiing. Elva blir leia inn i ein kanal med bredde 3 m, djupne 1,5 m og lengde 15 m. Ved enden av kanalen blir det støpt ein liten inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil. Kanalen får eit vassvolum på ca 100 m³ og vil tene som sedimenteringsbasseng. Inntaket får kapasitet 0,5 m³/s.

Røyrgate

Røyrkata vert om lag 1400 m lang med diameter på 1200 mm. Røyrkata vert lagt i grøft og overfylt med lausmassar.

Frå sideinntaket i Middagselva vert driftsvatnet ført ned til hovduttilløpsrøret frå Daleelva i eit 150 m langt rør av glasfiberarmert plast (GRP) med diameter 400 mm.

Kraftstasjon

Kraftstasjonsbygning vil ligge på kote 323 med avløp til elva gjennom ein kort kanal. Grunnflata til kraftstasjonen vil være om lag 60 m². Det vert installert ein Francisturbin med effekt 2,4 MW og generator på 2,5 MVA i kraftverket.

Veg

Det vert bygd ein 30 m lang veg til kraftstasjonen. Eksisterande støylsveg vert utbetra og nytta som tilkomstveg til inntaket. Den nedre delen av anleggsvegen langs tilløpsrøret blir liggande som skogsveg.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje behov for massetak eller deponi.

Hydrologiske verknader

Kraftverket utnyttar totalt eit nedbørfelt på 20,5 km². Samla middelvassføring er rekna ut til 1,76 m³/s. Dei største flaumane opptrer om sommaren. Lågaste vassføring opptrer som oftast om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er i søknaden rekna ut til høvesvis 715 og 14 l/s. Alminneleg lågvassføring er rekna ut til 90 l/s. Flaumvassføringar vert i liten grad påverka av utbygginga. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 3,0 m³/s og minste slukeevne er på 0,2 m³/s. Det er søkt om å sleppe minstevassføring på 90 l/s heile året forbi inntaket i Daleelva medan det ikkje er foreslått å sleppe minstevassføring i dei to sideelvane.

Tiltaket er planlagt med 2 overføringar. Det eine frå Middagselva, og det andre frå Ytste Stølselva. Nedbørfelt for Ytste Stølselva er på 1,1 km², middelvassføring er på 90 l/s og alminneleg lågvassføring er på 5 l/s. Middagselva har eit nedbørfelt på 2,4 km², middelvassføring er på 220 l/s og alminneleg lågvassføring på 10 l/s. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring frå dei 2 elvane.

Produksjon og kostnader

Søkjar har rekna ut gjennomsnittleg årleg kraftproduksjon i Daleelva kraftverk til ca. 9,1 GWh fordelt på 2,75 GWh vinterproduksjon og 6,35 GWh sommarproduksjon. Av dette utgjer Ytste Stølselva 0,46 GWh og Middagselva 1,14 GWh. Byggekostnadene er estimert til 14,5 mill. kr. Dette gir ein utbyggingspris på 1,59 kr/kWh. (prisnivå 2008).

NVE har ikkje vesentlege merknader til utrekningane. Det vil likevel vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet.

Arealbruk og eiendomsforhold

For å gjennomføre prosjektet vil det vere behov for areal til midlertidige (29 daa) og permanente (2,5 daa) anlegg. Dei midlertidige anlegga vert sett i stand når arbeidet er ferdig.

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige av i alt 9 grunneigarar, og det er desse som saman har danna selskapet Myklebust Energi AS.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan

Prosjektet ligg i Landbruk-, Natur – og Friluftsområde (LNF-område). Gloppen kommune har gitt dispensasjon frå bygge- og deleforbodet i kommuneplan i kommunestyremøte 16.06.2008, jf. brev av 19.06.2008.

Samla plan (SP)

Direktoratet for naturforvaltning har gitt fritak for handsaming i Samla Plan i brev datert 25.02.2000. Tiltaket er elles så lite at det no fell under grensene for handsaming i Samla plan.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna mot kraftutbygging.

Inngrepsfrie områder (INON)

Dei øvre delane av nedbørfeltet til Daleelva ligg innanfor Jostedalsbreen Nasjonalpark, men tiltaksområdet har god avstand til nasjonalparken og ei utbygging som planlagt vil ikkje medføre ikkje tap av inngrepsfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Utbygginga berører ikkje nasjonale laksevassdrag

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg vart søknaden sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt berørte partar for uttale. Høyringsuttalane vart sendt søkjaren for kommentar. NVE var på synfaring i området 21.06.2010 saman med representantar for søkjaren, kommunen og Sogn og Fjordane Turlag.

Verknader av tiltaket

Nedanfor er det gitt ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og skader/ulempar ved den planlagde utbygginga:

Fordeler

- Prosjektet vil i følgje søknaden gi ca. 9,1 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon.
- Prosjektet kan bidra med inntekter til grunneigarar, gi grunnlag for utvikling av næringsgrunnlag og bidra til å styrke den lokale busettinga.

Ulemper

- Utbygging og drift av kraftverket vil medføre redusert vassføring i Daleelva samt i nedre del av dei 2 sideelvane som er planlagt utnytta i Daleelva
- Tiltaket medfører fysiske inngrep som vil påverke landskapet og ferdsel langs elva spesielt i byggefasen.

NVE si vurdering

Den planlagde utbygginga gjeld eit småkraftverk med inntaksdam utført som terskel, inntak av to sideelver, nedgravne røyrgrater, kraftstasjonsbygning og kopling til 22 kV linje.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Daleelva kraftverk vil utnytte eit nedbørfelt på totalt 20,5 km², fordelt på 17,0 km² ved inntak i Daleelva, 2,4 km² ved inntak i Middagselva og 1,1 km² frå Ytste Stølselva. Ved hovedinntaket i Daleelva er middelvassføringa rekna ut til 1,45 m³/s. Middelvassføring for Ytste Stølselva og Middagselva er rekna ut til høvesvis 0,09 og 0,22 m³/s. Dette gir til saman 1,76 m³/s i middelvassføring i Daleelva. Det er ikkje rekna ut 5-persentiler for Middags- og Ytste Stølselva, men alminneleg lågvassføring er rekna til 5 l/s for Ytste Stølselva og 10 l/s for Middagselva. Med ei slukeevne tilsvarande 170 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring på 90 l/s heile året vil det vere overløp over dammen i 116 dagar i eit middels vått år. I 86 dagar vil vassføringa vere under summen av minstevassføring og minste slukeevne. Ved inntaket i Middagselva vil vassføringa vere større enn inntaket sin kapasitet (0,5 m³/s) i 57 dagar. Sidebekkar nedanfor inntaket i Daleelva bidreg med restvassføring på 160 l/s ved kraftstasjonen. Det er ikkje foreslått slepp av minstevassføring frå Ytste Stølselva og Middagselva.

NVE meiner at ei slukeevne som omsøkt ivaretek noko av dynamikken i vassdraget. Tilsigsprofilen i vassdragsavsnittet er slik at i ein stor del av sommaren vil vere tilsig som gjev overløp

Biologisk mangfald

Det er gjennomført kartlegging av biologisk mangfald i tiltaksområdet. Biologisk mangfald rapport vert utarbeidd av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser i 2006. Det er ikkje registrert raudlista artar i tiltaksområdet. Det vart registrert naturtype bekkekløft som er relativt godt utvikla over ein ca. 100 m lang strekning i Daleelva ved samløpet med Middagselva på omkring kote 365. Bekkekløft har lokal verdi.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova vert gjort gjeldande frå 1. juli 2009. Lova fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem. Det blir lovfesta ei rekkje miljørettslege prinsipp, mellom anna "føre-var-prinsippet", prinsippet om økosystemforvaltning og samla påverknad. Naturmangfaldlova legg føringar for styresmakter der det vert gitt løyve til anlegg som vil kunne få verknad for naturmangfaldet. Etter NVE sitt syn vert føremålet i naturmangfaldlova i praksis ivareteke gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak etter vassressurslova.

I NVE si vurdering av søknaden om utbygging av Daleelva kraftverk legg vi til grunn krav etter §§ 4 og 5 og §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Eit positivt vedtak må bygge på at fordelar og nytte av å gjennomføre tiltaket blir vurdert til å vere større enn skade og ulempe for allmenne og private interesser. Verknader som tiltaket kan medføre for naturmangfaldet er eit sentralt tema i denne vurderinga.

Med unntak av ei bekkekløft med lokal verdi er det ikkje påvist nokre verdifulle natur- eller vegetasjonstyper i planområdet. Det vart ikkje påvist raudlista artar i bekkekløfta. Etter NVE si mening vil slepp av minstevassføring, ev. saman med ikkje å gje løyve til utnytting av Ytste Stølselva slik at denne da gjev bidrag til restvassføringa, vere nok til å oppretthalde naturmiljøet i bekkeløfta. Etter NVE si mening vil då ei utbygging ikkje vere i konflikt med naturmangfaldlova § 5.

Det er registrert fossefall og linerle i tiltaksområdet. Dersom utbyggingstrekninga er nytta til hekking, vil det vere avgjerande om det vert sleppt minstevassføring. NVE syner til § 5 om forvaltningsmål for artar, og meiner at gode levekår for fossefall og andre artar knytta til elvestrengen i rimeleg grad vil kunne verte ivareteke gjennom slepp av tilstrekkeleg minstevassføring dersom det vert gitt konsesjon.

Fylkesmannen meiner at botndyrfaunaen bør undersøkast ut frå erfaringar frå undersøkingar i Jostedalen i samband med kraftutbygginga der, då det vart funne ein sjeldan fjørmyggart. NVE syner til at fleire feltstudiar frå nyare tid har avdekka at så lenge det vert fastsett ei minstevassføring så vil artssamansetninga i botndyrfaunaen ikkje verte endra. I tillegg så vil dei same artane normalt eksistera både ovanfor og nedanfor utbyggingsstrekke. NVE finn difor ikkje grunnlag for å pålegge undersøkingar for dette temaet.

Det har ikkje kome andre innvendingar til søknaden med biologisk mangfaldundersøking. NVE legg med dette til grunn at det er eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å kunne fatte vedtak i sak, jf. naturmangfaldlova § 8. § 9 i same lov har då ikkje relevans.

I henhold til § 10 om samla belastning skal ein sjå fleire inngrep i eit område i ein heilskap. Etter NVE si oppfatning så er dette tiltakets verknader for biologisk mangfald så avgrensa at det i mindre grad er aktuelt å gjere ei slik vurdering då konsekvensane etter vår vurdering ikkje strekkjer seg ut over tiltakets influensområde. Vi syner elles til våre merknader lenger bak under avsnittet "samla belastning"

Naturmangfaldlova § 11 fastslår at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, som følgje av utbygginga, dersom dette ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. Ved ein ev. konsesjon vert det gitt eit sett med vilkår som ivaretek dette prinsippet.

Det følgjer av § 12 i naturmangfaldlova at det skal nyttast driftsmetodar og teknikk som unngår eller avgrensar skade på naturmangfaldet, som ut frå samla vurdering av tidlegare, nåverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir det beste samfunnsmessige resultat. Dette er forhold som vert ivareteke gjennom ein godkjenning av detaljplan og oppfølging av anlegget i byggefasen, dersom konsesjon vert gitt.

Fisk og ferskvassbiologi

Det er ikkje viktige fiskeinteresser knytt til Daleelva, men nedre del av elva er truleg gyteelv for fiskebestanden i Sandalsvatnet. Sjølve utbyggingstrekninga kan ha lokal bestand av bekkeaur. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ber i si uttale om at NVE vurderer å sette ei høgare minstevassføring enn foreslått slik at konsekvensane for fisk nedstraums vert mindre ved utfall, ev. at det ikkje vert gitt løyve til overføring av Ytste Stølselva. NVE vurderer det slik at med slepp av tilstrekkeleg minstevassføring frå inntaket i Daleelva og at overføring av Ytste Stølselva ev. vert sløyfa, vil konsekvensane for fisk på utbyggingstrekninga vere små.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Delar av utbyggingsområdet ligg inne i eit regionalt viktig friluftsområde, jf. fylkesdelplanen for arealbruk. Heile utbyggingsområdet ligg inne i eit FRIDA-registrert lokalt viktig friluftsområde. Myklebustdalen er ein av inngangsportane til Jostedalsbreen nasjonalpark, som er eit nasjonalt og internasjonalt viktig friluftsområde.

Ein lengre del av den aktuelle elvestrekninga går nær med vegen/stien inn til Myklebuststøylen og denne vert noko nytta som turrute.

Det er ein del skog mellom elva og vegen, men elva er godt synleg på ein del parti. Elvemøtet med Middagselva er synleg frå stien rett overfor elva. Traktoregen kryssar Ytste Stølselva nedanfor overføringspunktet. Slik sett vil alle vassdragsavsnitta som vert berørt av ei utbygging få ei viss negativ påverknad for landskapsopplevinga og friluftslivet.

Etter NVE sin vurdering vil utbygging av Daleelva kraftverk i noko grad føre til negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Dette vil spesielt gjelde for anleggsfasen med etablering av røyrgate og for overføring av Ytste Stølselva.

Det er rekna med ei byggetid på 9 månader for anlegget. Når denne er avslutta vil anlegget verte stelt i stand og det vert lagt til rette for gjengroing. Med god planlegging for byggearbeida og oppfølging i anleggstida meiner NVE at desse verknadene er såpass avgrensa at dei er akseptable. Dette er tilhøve som NVE kan ta hand om gjennom ei ev. godkjenning av detaljplanar for anlegget i medhald av standardvilkår for vassdragskonsesjonar.

Overføring av Ytste Stølselva må krysse vegen og vil utgjere relativt store inngrep i høve til produksjonsbidrag på 0,46 GWh i året. I følgje Sogn og Fjordane turlag går det ei turrute som tar av frå traktorvegen til Myklebuststøylen og opp mot fjellet Snønipa. Turlaget meiner overføringa bør verte utelate då denne vil gje eit skjemmande inntrykk første delen av turen.

Etter vårt syn vil ei utbygging utan overføring av Ytste Stølselva redusere konfliktnivået knytt til landskapsinngrep monaleg, samstundes som Daleelva får tilført meir vatn på nesten heile utbyggingsstrekninga. Dette vil kome både landskapet, friluftslivet og biologisk mangfald til gode. Vi har merka oss at overføringa berre gjer eit mindre bidrag til produksjonen.

Fleire av høyringspartane har påpeika at det lyt sleppast meir minstevassføring om sommaren. NVE er einig i ei slik vurdering då det er stor skilnad mellom alminneleg lågvassføring som er berekna for året, og naturleg lågvassføring for sommaren. NVE meiner at ei slik fastsetting av minstevassføring kan gjerast som del av fastsettinga av konsesjonsvilkåra dersom det vert gjeve konsesjon, og at nivået på minstevassføring i seg sjølv ikkje er avgjerande for vår konklusjon.

Samla belastning

Den samla belastning utgjer her konsekvensane av fleire vasskraftanlegg innafor eit geografisk avgrensa område. Sjølv om det enkelte utbyggingsprosjektet kan ha relativt små negative verknader for miljø og ev. andre brukarinteresser, kan dei samla effektane av mange slike prosjekt få store konsekvensar.

Sogn og Fjordane Turlag meiner at NVE i si vurdering bør sjå på samla belastning av eksisterande inngrep.

Gjennom konsesjonshandsaming må NVE vurdere den samla belastning av vasskraftutbygging i eit geografisk avgrensa område. Dette kjem klart frem i forarbeida til vassressurslova i Ot. Prp. Nr. 39 (1998-1999), side 105 og OED sine retningslinjer for små vasskraftverk (juni 2007), samt i naturmangfaldlova § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning".

Det er etablert eit kraftverk i området – Sandal og Fossheim i Sandalselva, ei elv som renn ut i Sandalsvatnet. I same sidevassdrag er det gjeve løyve til to andre kraftverk, Sandalselva kraftverk som utnyttar fallet mellom foten av Sandalsfossen og inntaket til Sandal og Fossheim kraftverk og Timbra kraftverk som ligg i same område som dei to nemnde. Lenger inn i Myklebustdalen, i ei anna sideelv til Daleelva, er det gjeve løyve til ei redusert utbygging av Strupen kraftverk. Saken er påklaga til Olje- og energidepartementet. I hovudelva er det også gjeve løyve til Byrkjelo kraftverk ned mot Byrkjelo sentrum.

Etter NVE sitt syn vil verknader ved ei tilpassa utbygging av Daleelva kraftverk vere så avgrensa at sumverknader for landskap, miljø eller andre interesser i regionen ikkje i nemnande grad vil bli påverka. Samstundes veit vi at det har vore ei rekkje utbyggingar/anlegg som har konsesjon både i Gloppen kommune generelt og i Myklebustdalen. Etter vårt syn bør det takast noko omsyn til dette i vurderinga då området langsmed Daleelva inn mot Myklebuststølen er lett tilgjengeleg og ein del nytta. Etter vårt syn vil då ei utbygging som ikkje tar med seg overføringa av Ytste Stølselva og har ei noko høgare minstevassføring enn omsøkt, vere eit tiltak som ikkje har vesentleg verknad for temaet samla belastning.

Oppsummering

Daleelva kraftverk vil med overføring av Middagselva og Ytste Stølselva få ein årleg produksjon på 9,1 GWh. Utan overføring av Ytste Stølselva og med noe høgare minstevassføring enn omsøkt vil kraftverket produsere om lag 8,5 GWh i året. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor andel av ny tilgang dei seinare åra. I 2010 klarerte NVE om lag 0,9

TWh ny energi frå småkraftverk. Dei alle fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ein eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av særstor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan det gjevast løyve til gjennomføring. Tiltaka vil såleis vere eit bidrag i høve til politiske føringar for satsing på småkraftverk og fornybar energi.

NVE legg vekt på at utbygging i tillegg til ei viss produksjonsauke i fornybar energi vil gi varige inntekter til søkjar, kommune og stat, samt at det i anleggsfasen vil det vere nye arbeidsplassar og auka lokal verdiskaping.

NVE vurderer det slik at det omsøkte prosjektet i avgrensa omfang vil kunne gi ulemper for friluftsliv, biologisk mangfald og landskap. Med ei utbygging utan overføring av Ytste Stølselva, god terrengmessig tilpassing og vilkår om minstevassføring på utbyggingsstrekka, meiner NVE at konsekvensane ved utbygginga likevel vil vere akseptable for biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av omsøkt utbyggingsplan og innkomne fråsegner meiner NVE at fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Myklebust Energi AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Daleelva kraftverk utan overføring av ytste Stølselva. Løyve vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energiloven

Myklebust Energi AS vert knytt til det eksisterande 23 kV nettet med ein 1700 m lang jordkabel med spenning 23 kV. Det eksisterande nettet har ikkje tilstrekkeleg kapasitet og må opprustast. Søkjar vil inngå avtale med SFE Nett AS om bygging og drift av høgspontanlegget som vert bygd innafor selskapet sin områdekonsesjon.

Verknader av linjetilknytning er med i NVE si samla vurdering av utbyggingsprosjektet, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsdeling er avklara. Slik dokumentasjon må ligge føre samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra, post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Minstevassføring

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjonen for Daleelva kraftverk og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	m ³ /s	1,67
Alminneleg lågvassføring	l/s	85
5-persentil sommar	l/s	412
5-persentil vinter	l/s	76
Største slukeevne	m ³ /s	3
Største slukeevne i % av middelvannføring	%	180
Minste slukeevne	l/s	200

Tala er korrigert for at det ikkje er gitt løyve til overføring av Ytste Stølselva med ny berekning av 5-persentilverdiar ut frå storleik på nedbørfeltet som er tatt ut.

Søklar har i søknaden lagt opp til at det blir slept ei minstevassføring forbi inntaket tilsvarande alminneleg lågvassføring på 90 l/s gjennom heile året. Med slik minstevassføring og ei slukeevne som gir eit maksimalt vassuttak på 3 m³/s, er midlare årsproduksjon i kraftverket utrekna til 9,1 GWh.

Fleire høyringsinstansar meiner at minstevassføringa om sommaren bør vere høgare og viser til 5-persentilverdien som samla er på 450 l/s. NVE vurderer det slik at minstevassføringa forbi inntaket i Daleelva om sommaren, av omsyn til landskap, friluftsliv og biologisk mangfald, må vere større enn det som er skissert i søknaden. Dette vil i større grad gjenspegle dei naturlege variasjonane i vassdraget. I vurderinga av kor stor minstevassføringa må vere legg NVE vekt på at det ikkje blir gjeve løyve til overføring av vatn frå Ytste Støylselva som har relativt god sommarvassføring og renn inn i Daleelva på øvre del av fallstrekkinga i Daleelva.

NVE har vurdert det slik at det ikkje blir sett krav om minstevassføring frå inntaket i Middagselva og ned til samløpet med Daleelva. I vurderinga blir det lagt vekt på at alminneleg lågvassføring for Middagselva er utrekna til 10 l/s. NVE vurderer det slik at det her er snakk om ei kort og lite synleg elvestrekkje. Med grunnlag i storleik på nedbørfeltet og geografi/topografi kan det vere usikkert om elva har årssikker vassføring. I sommarsesongen vil det også vere periodar då tilsiget er større enn kapasitet på planlagt overføringsleidning.

Ut frå dette fastset NVE ei minstevassføring forbi inntaket i Daleelva på 250 l/s i tida 1.5 til 30.9 og 80 l/s resten av året. I forhold til søknaden vil dette gi ein redusert produksjon på ca 0,2 GWh/år. Samla produksjon vil då bli ca. 8,5 GWh/år. NVE vurderer det slik at denne reduksjonen ikkje er avgjerande for økonomien i prosjektet.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring i vilkåra, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for å dokumentere at vilkåret blir oppfylt skal godkjennast gjennom detaljplanen.

På dei stadane der det er vilkår om minstevassføring skal det settast opp skilt med opplysningar om fastsett vilkår som allment er lett synleg. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

NVE presiserer at start-/stoppkøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal driftast jamt og i takt med tilsiget. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal kun være små vasstandsvariasjonar knytt til opp- og nedkjøring av kraftverket.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Vi syner til våre merknader ovafor under avsnittet om forholdet til energilova. NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordeling er avklart, jf. våre merknader foran under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak av sideelva	Middagselva med inntak på kote 425 førast inn på tilløpsrøret til kraftverket. Kapasitet i inntaket på 0,5 m ³ /s
Inntak i Daleelva (kote)	422
Kraftstasjon (kote)	323. Nøyaktig plassering av kraftstasjonen vert avklart gjennom godkjenning av detaljplan. Bygningen er planlagt i eit område som kan vere utsett for ras.
Største slukeevne	3,0 m ³ /s
Minste slukeevne	0,02 m ³ /s
Vannveg	heilt nedgrave
Veg	30 m lang permanent veg til kraftstasjonen, opprusting av traktorveg til inntaket

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Detaljerte planer skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet blir sett i gang.

Røyrkata skal leggjast i grøft og tildekkast på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna løysing.

Vi viser også til merknadane i vilkåra post 6 nedanfor, om kulturminne.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag kan synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må være relatert til skad med årsak i tiltaket og stå i eit rimelig forhold til storleik og verknader ved tiltaket..

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Merknader frå fylkeskommunen kjem under dette vilkåret. Vi minner likevel om det generelle kravet om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det blir oppdaga kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. vilkåra pkt. 3).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gir heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å være aktuelt.

Andre merknader

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Det er søkt etter ureiningslova om løyve til å gjennomføre tiltaket. Det må søkjast Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter ureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter ureiningslova.

Forholdet til EUs vassdirektiv i sektormyndighetens konsesjonshandsaming

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skade og ulempe ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det berørte vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.